



*cutting through complexity™*

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 7.05.13  
Journalført: 13/1881 og h  
Arkivkode: 216

# Eigarskapskontroll

## Vindafjord kommune

2013



# Forord

Kontrollutvalet i Vindafjord kommune bestilte i sitt møte 25. februar 2013 ein selskapskontroll i form av ein obligatorisk eigarskapskontroll.

Denne rapporten er svar på kontrollutvalet si bestilling.

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av rapporten sitt samandrag. Kapittel 1 inneheld struktur og viktige premiss for selskapskontrollen. Fakta og vurderingar går fram av kapittel 2.

Bergen, 7. mai 2013



Willy Hauge

*Partnar*



© 2013 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

# Hovudbodskap og tilrådingar

Vindafjord kommune utarbeida si første eigarskapsmelding i 2012. Eigarskapsmeldinga og informasjon om den praktiske eigarskapsutøvinga ligg til grunn for denne gjennomgangen. Eigarskapskontrollen viser at kommunen har etablert eit godt utgangspunkt for aktiv eigarskap, men at det særleg er behov for ei tydeleggjering av kommunen sine prioriteringar og ei sterkare differensiering i eigarskapsutøvinga.

På bakgrunn av denne eigarskapskontrollen, vil KPMG foreslå følgjande tiltak:

## ***I større grad markere og legge til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga***

Vindafjord kommune si første eigarskapsmelding er eit godt utgangspunkt for å vidareutvikle eigarskapsstyringa, men ei tydeleg svakheit ved meldinga er at ho ikkje i tilstrekkeleg grad identifiserer og definerer kva som er viktigast for kommunen i eigarskapsutøvinga. Etter KPMG si vurdering er dette det viktigaste å fokusere på i samband med revisjon av meldinga. Relevante forhold i denne samanhengen er:

- Kva er dei viktigaste selskapa for kommunen?
- Kva vil kommunen med desse selskapa – kva er den konkrete strategien for utøving av eigarskapen?
- Kva rutinar er viktigast for at kommunen sine mål skal kunne følgjast opp?
- Er det nokon av tilrådingane frå KS-rapporten ein bør legge mindre vekt på, på bakgrunn av Vindafjord kommune sine behov?

Ved å spisse tilnærminga til eigarskapsutøvinga, vil kommunen kunne oppnå fleire gevinstar i den praktiske eigarskapsutøvinga:

- Det vil vere mogleg å følgje opp i praksis – ein legg ikkje opp til ein generell, omfattande oppfølging av alle sider ved eigarskapen
- Ein får nytta ressursane meir føremålstenleg – mest ressursar til det som er viktigast
- Ein får eit tydelegare grunnlag og eit klarare mandat til å utøve eigarskap

## ***Bli tydelegare på val av selskapsform og kva konsekvensar det har for eigarstyring***

Eigarskapsmeldinga har ei inndeling i ulike selskapsformer som er dels misvisande og dels upresis med omsyn til kva inndelinga inneber for styrings- og kontrollvilkår. Dette bør ryddast opp i ved neste revidering av eigarskapsmeldinga. Generelt bør kommunen vidareutvikle og styrke fokuset på sentrale vurderingar ved val av selskapsform – inkludert kva som er dei konkrete forskjellane i styringsmoglegheiter for kommunen som eigar.

## ***Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemer***

Det vert tilrådd å innføre enkle rutinar for opplæring og oppfølging av styrerepresentantar.

- Å utarbeide rutine for utdeling av relevant informasjon om selskap og kommunen sin eigarskapspolitikk i samband med oppnemning av nye styrerepresentantar
- Legge til rette for overføring av kompetanse mellom avtroppande og påtroppande styremedlemer

# Innhald

<b>Forord</b>	<b>1</b>
<b>Hovudbodskap og tilrådingar</b>	<b>2</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Formål og avgrensing	4
1.3 Problemstilling	4
1.4 Revisjonskriteria	5
1.5 Metode	7
<b>2 Fakta og vurderingar</b>	<b>8</b>
2.1 Vindafjord kommune sin selskapsportefølje	8
2.2 I kva grad følgjer kommunen opp at føremålet med eigarskapen blir ivaretatt?	8
2.3 I kva grad sikrar kommunen at selskapa si verksemeld er i samsvar med vedtektsfesta føremål?	11
2.4 I kva grad følgjer kommunen opp at selskapa driv forsvarleg, og i samsvar med lover og reglar?	14
2.5 Har kommunen rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene?	16
2.6 I kor stor grad har eigarrepresentantane kompetanse til å utføre sine oppgåver?	17
2.7 Har kommunen eit tilfredsstillande opplæringstilbod for styrerrepresentantane?	18
<b>3 Uttale frå ordførar</b>	<b>20</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Vindafjord kommune vedtok 20. februar 2013 bestilte gjennomføring av obligatorisk eigarskapskontroll, med utgangspunkt i prosjektplan frå KPMG. I kommunen sin plan for selskapskontroll er eigarskapskontroll eit av dei prioriterte prosjekta i inneverande periode. Ein eigarskapskontroll inneber å sjå til at kommunen sin eigarskap vert utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.<sup>1</sup>

Kommunen er deleigar i om lag 30 ulike samanslutningar, fordelt på 5 interkommunale selskap, 12 aksjeselskap, 2 samvirkelag, 1 kommunal pensjonskasse, samt ulike formar for interkommunale samarbeid.

## 1.2 Formål og avgrensing

Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll jf. forskrift om kontrollutval § 14 første ledd. Selskapskontroll omfattar alt kommunalt eigarskap som er organisert med heimel i andre lovar enn kommuneloven samt interkommunalt samarbeid etter kommuneloven kap. 5 og som er eigne rettssubjekt. For Vindafjord kommune sin del inneber det at dei interkommunale selskapa, aksjeselskapa, samvirkelaga og den kommunale pensjonskassen er relevant i selskapskontrollar.

Denne gjennomgangen er avgrensa til å omfatte kommunen si eigarskapsutøving, og er dermed ingen kontroll av dei ulike selskapa eller styra.<sup>2</sup> Sistnemnde vert gjort gjennom eigne forvaltningsrevisjonar av selskap, jf. forskrift om kontrollutval kap. 6, § 15. Utgangspunktet for dette skiljet er at ein eigarskapskontroll ikkje "kjerner" selskapa, berre kommunen sin eigarutøving.

Samtidig er det sjølvsagt slik at kvaliteten på eigarskapen kan målast ut frå korleis selskapet utøver verksemda si, slik at det kan vere føremålstenleg å ta for seg sider ved selskapa og. Ettersom KPMG parallelt gjennomførar ein forvaltningsrevisjon av selskapet Øyane Asvo AS der Vindafjord kommune er deleigar, vert observasjonar frå denne selskapskontrollen nytta som illustrasjonar på kommunen sin eigarskapskontroll i praksis.

Føremålet med eigarskapskontrollen er som nemnd å kartlegge og vurdere korleis kommunen utøvar sin eigarskap, med utgangspunkt i kommunestyret sine vedtak og føresetnadar for eigarskapen. Dette inkluderar og å kartlegge kva rutinar kommunen har for opplæring av dei folkevalde, med omsyn til roller og oppgåver som skal handterast av eigarrepresentantar og styrerrepresentantar.

Vi ynskjer å kartlegge dagens praksis, og, viss aktuelt, foreslå tiltak for å forbetre styring og forvaltning.

## 1.3 Problemstilling

Problemstillingane i prosjektet er sett opp slik, jf. prosjektplan:

1. I kva grad følgjer kommunen opp at føremålet med eigarskapen blir ivaretatt?
2. I kva grad sikrar kommunen at selskapa si verksemd er i samsvar med dei vedtektsfesta føremåla?
3. I kva grad følgjer kommunen opp at selskapa driv forsvarleg, og i samsvar med lovar og reglar?

<sup>1</sup> Forskrift om kontrollutval kap. 6, § 14.

<sup>2</sup> Dette er i samsvar med Vindafjord kommune sin "Plan for selskapskontroll 2012-2016".

4. Har kommunen rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene?
5. I kor stor grad har eigarrepresentantane tilstrekkeleg kompetanse til å utføre sine oppgåver?
6. Har kommunen eit tilfredsstillande opplæringstilbod for styrerepresentantane?

Reelt er det eit sett med problemstillingar som kan knytast til to hovudtema; generell eigarskapsutøving og kompetanse/opplæring av dei folkevalde.

Dei fire første problemstillingane handlar om dei viktigaste funksjonane i eigarskapsutøvinga. Den første er den mest grunnleggjande, og gjeld i kva grad kommunen har ein styringsplattform og eit systematisk forhold til eigarskapen sin – til dømes gjennom vedteke eigarskapsmelding. Gjennom problemstilling 2 vil vi gå noko nærrare inn i den operative eigarskapen – korleis kommunen som eigar agerar i høve til selskapa. Det same gjeld problemstilling 3, men her er fokus særleg på kontrolelementet. Problemstilling 4 tek opp i kva grad kommunen har rutinar for forvaltninga av eigarskapen og om ein har system for å fange opp behov for endringar underveis.

Gjennom dei siste to problemstillingane ser vi nærmare på kva system kommunen har for opplæring av dei folkevalde, både med omsyn til eigarrepresentantar og styrerepresentantar.

## 1.4 Revisjonskriteria

### 1.4.1 Innleiing

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som rutinar og praksis vert vurdert opp mot. Kriteria for dette prosjektet er utleda frå relevante lovkrav og kommunestyrevedtak, samt retningsliner for kommunalt eigarskap utarbeidd av KS<sup>3</sup> sitt eigarforum.

### 1.4.2 Aksjeloven

Aksjeloven definerer aksjonærane sine rettar og pliktar i samband med utøving av eigarskap. Denne eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga. Generalforsamlinga er øvste myndighet i selskapet, og styrer selskapet gjennom stiftingsdokument/vedtekter, samt sin direkte instruksjonsrett over styret gjennom voting. Instruksjonsretten er retta mot styret som heilskap, ikkje det enkelte styremedlem.

I tillegg utøvar aksjonærane meir indirekte styring av selskapet gjennom nominasjonsprosessar og val til styre. Dette er meir indirekte form for styring fordi dei enkelte styrerepresentantane prinsipielt er valt av aksjonærane i fellesskap gjennom voting i generalforsamlinga, og dermed er valt til å styre til beste for selskapet. Det er likevel naturleg at det enkelte styremedlem vil lytte til ønska til sine aksjonærar, ettersom aksjonærane kan byte ut styremedlemer dei ikkje er nøgde med. Vervet som styremedlem inneber eit personleg erstatningsansvar, jf. § 17-1. Dette ansvaret understrekar at ein styremedlem ikkje kan instruerast av enkeltaksjonærar.

Aksjeselskap er som kjent selskap der deltararane (aksjeeigarane) ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar anna enn for innskote aksjekapital. Eit motstykke til ansvarsavgrensinga er at eigarane ikkje rår fritt over selskapet sine inntekter og formue. Selskapet sine midlar vert disponert av selskapet sitt styre og dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet.

Kapittel 5 ("Generalforsamlingen") og kapittel 6 ("Selskapets ledelse") er særleg relevante for eigarskapskontrollen.

### 1.4.3 Lov om interkommunale selskap

Lov om interkommunale selskap definrar eigarane sine rettar og pliktar gjennom representantskapet. I interkommunale selskap er alle deltararane kommunar, fylkeskommunar eller andre IKS. Representantskapet er øvste myndighet i selskapet, og styrer selskapet gjennom selskapsavtale, vedtak av rekneskap, budsjett, økonomiplan og andre saker som det er bestemt

<sup>3</sup> Kommunesektoren sin organisasjon

gjennom selskapsavtalen skal handsamast i representantskapet (§ 7). Indirekte styrar representantskapet gjennom nominasjonsprosessar og val av styremedlemer.

Forvaltninga av selskapet ligg til styret, som har ansvar for tilfredsstillande organisering og sjå til at verksemda vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner fastsett av representantskapet (§ 13).

Den enkelte deltar i eit IKS heftar uavgrensa for ein prosentdel av selskapet sine forpliktingar (§ 3). Dette er ein vesentleg forskjell frå aksjeselskap, og er ein konsekvens av at arbeidsoppgåvene er meir fordelt mellom styret og representantskapet i eit IKS enn dei er mellom styret og generalforsamling i eit aksjeselskap.

#### 1.4.4 Forvaltningsloven

Av andre, relevante lovheimlar kan habilitetsreglane i forvaltningslova § 6 (første ledd, punkt e) nemnast særskilt. Her heiter det:

*En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffen avgjørelse i en forvaltingssak (...) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for (...) et selskap som er part i saken.*

Fram til hausten 2011 var det eit unnatak i forvaltningsloven § 6 for offentleg heileigde selskap. Fjerninga av dette unnataket inneber ei skjerping av habilitetsreglane for offentlege tenestemenn og folkevalde som også er leiarar og styremedlemar.

Det er ikkje noko forbod mot at folkevalde eller tenestemenn vert vald inn i selskap fylkeskommunen har eigardelar i, men det vert tilrådd at sentrale folkevalde ikkje vert vald inn i styra fordi ein lett kan hamne i ein habilitetssituasjon.

#### 1.4.5 Vedtak i kommunestyret

Vedtak i sak 014/11 Eigarskapskontroll i Haugaland Kraft AS

2. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide eigarskapsmelding som skal sikre naudsynt grunnlag for styring og måloppnåing med kommunen sitt eigarskap i selskapa kommunen er involvert i.

#### 1.4.6 Tilrådingar frå KS' Eigarforum

KS sitt Eigarforum har gitt ut rapporten "Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt / fylkeskommunalt eide selskaper og foretak". I siste utgåve (2011) inneheld rapporten 19 tilrådingar tilpassa kommunal sektor. Desse gjeld følgjande tema:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte
2. Utarbeidelse av eierskapsmeldinger
3. Utarbeidelse og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
4. Vurderinger og valg av selskapsform
5. Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirksomhet
6. Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper
7. Sammensemting og funksjon til eierorgan
8. Gjennomføring av eiermøter
9. Eiers krav til profesjonelle styrer i kommunal sektor
10. Valgkomité for styreutnevnelse i aksjeselskap og interkommunale selskaper

11. Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene
12. Styresammensetning i konsernmodell
13. Oppnevnelse av vararepresentanter
14. Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene
15. Kjønnsrepresentasjon i styrene
16. Godtgjøring og registrering av styreverv
17. Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter
18. Utarbeidelse av etiske retningslinjer
19. Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak

## 1.5 Metode

Prosjektet er gjennomført i samsvar med NKRF<sup>4</sup> sin rettleiar for selskapskontroll. I prosjektet har følgjande teknikkar blitt brukt for å samle inn data:

### Dokumentanalyse

Vi har i løpet av prosjektperioden innhenta relevante dokument frå Vindafjord kommune, mellom anna eigarskapsmeldinga og plan for selskapskontroll.

### Intervju

Utval av personar for intervju er basert på forventa informasjonsverdi, personar si erfaring og formelt ansvar i forhold til rapporten sitte føremål og problemstillingar. Intervjua er gjort for å få utfyllende informasjon og forklaring til oversendt dokumentasjon frå kommunen. Alle data frå intervjua er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått høve lest igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Vi har gjennomført totalt fire intervju; ordførar og rådmann i kommunen, ein styreleiar som også sit som styrerepresentant i eit anna selskap, og ein styrerepresentant i tre av selskapa Vindafjord kommune har eigarinteresser i. I etterkant har ordførar og rådmann svart på oppfølgingsspørsmål per e-post.

### Høyring

Rapporten vart sendt ordførar og rådmann til uttale 30. april 2013.

<sup>4</sup> Norges kommunerevisorforbund.

## 2 Fakta og vurderingar

### 2.1 Vindafjord kommune sin selskapsportefølje

Eigarskapsmeldinga til Vindafjord kommune vart vedteken i kommunestyret den 17.04.12, og gjev ein oversikt over alle selskapa kommunen har eigardelar i.

Det går frem av eigarskapsmeldinga at Vindafjord kommune er deltakar/medeigar i 4 interkommunale selskap (IKS), 11 aksjeselskap, 2 samvirkeføretak (tidlegare andelslag) og ein pensjonskasse.

Vindafjord kommune har større eigardelar i to selskap, Vindafjord Tomteselskap AS (47 %) og Øyane Asvo AS (nyleg vedteke auka frå 20 til 50 %). Elles er eigarskapsportefølja prega av små eigardelar i dei fleste selskapa kommunen er medeigarar i. Dei enkelte selskapa er delt inn i fem ulike kategoriar etter Vindafjord kommune sin eigarstrategi/motiv (finansiell, politisk, effektivisering av tenesteproduksjon, samfunnsøkonomisk, regionalpolitisk posisjonering). Motivet for kommunen sin eigarskap er i hovudsak politisk eller samfunnsøkonomisk motivert – berre for eitt selskap er eigarskapen finansiell (Haugaland Interkommunale Kraftselskap IKS).

I tillegg listar eigarskapsmeldinga opp ei rekke interkommunale samarbeid som ikkje er tema for selskapskontrollen, jf. kontrollutvalsforskrifta.

### 2.2 I kva grad følgjer kommunen opp at føremålet med eigarskapen blir ivaretatt?

Dette er i utgangspunktet ei problemstilling som kan dekke ei rekke ulike forhold. Samtidig er dette den mest overordna problemstillinga, og vil vi sjå på om kommunen har eit systematisk forhold til eigarskapen på bakgrunn av utarbeida eigarskapsmelding og oppfølging av denne, særleg den overordna delen.

#### 2.2.1 Revisjonskriteria:

##### Relevant lovverk

- Aksjeloven, jf. omtale under kapittel 1.4.2
- Lov om interkommunale selskap, jf. omtale under kapittel 1.4.3.
- Forvaltningsloven, § 6-1 (abilitetskrav), jf. også omtale under kapittel 1.4.4.

##### Tilrådingar frå KS-rapport

Innleiingsvis i denne rapporten vert det peika på at retningsliner er fleksible og tek høgde for individuelle forskjellar i større grad enn lovregulering kan gjere. Vidare vert det understreka at dette er nødvendig med tanke på den varierte selskapsporteføljen som ligg i kommunal sektor. KS-rapporten påpeiker med dette behovet for å tilpasse bruken av tilrådingane i høve til den enkelte kommune sin eigarskapsportefølje.

##### Tilråding nr 2: Utarbeiding av eigarskapsmelding

KS tilrår at kommunen bør foreta ei politisk gjennomgang av verksemd som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt eller interkommunale organ gjennom utarbeiding av eigarskapsmelding. Denne bør følgjast av strategiar og føremål/selskapsavtaler for det enkelte selskap. Ei eigarskapsmelding er eit overordna politisk styringsdokument og bør minimum ha tre hovudpunkt:

1. Oversikt over kommunen si verksemd som er lagt til selskap og samarbeid
2. Politisk (prinsipp for eigarstyring) og juridiske styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformene
3. Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, inkludert vedtektsrevisjon

## Tilråding nr 4: Vurderingar og val av selskapsform

KS peiker på at det er eigar sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverket. Selskapsform er mellom anna viktig i høve til moglegheiter og ønskje om politisk styring og kontroll, og i kva grad selskapet skal ta risiko og operere i ein marknad. Sistnemnde bør gjerast gjennom etablering av selskap med avgrensa ansvar. Dersom selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi kan både kommunale og fylkeskommunale føretak og interkommunale selskap (IKS) vere føremålstenlege selskapsformer.

### 2.2.2 Fakta og vurderingar

#### Fakta

I april 2012 vart Vindafjord kommune si første eigarskapsmelding vedteke av kommunestyret. I det følgjande vert hovudstruktur og innhald presentert og vurdert opp mot revisjonskriteria.

Eigarskapsmeldinga er delt i to – ein overordna, generell del og ein selskapsspesifikk del. I del 1 har kommunen sett eit hovudfokus på val av selskapsform og føremålsklassifisering sett i høve til eigarskapsstrategiar. Vidare er det ei systematisk gjennomgang av korleis Vindafjord kommune skal nytte KS-rapporten sine 19 tilrådingar om eigarskapsutøving. Hovudtilnærminga er at desse "i hovudsak skal leggjast til grunn for Vindafjord kommune sin eigarskapspolitikk". Det vert ikkje presentert nokon særlege unnatak frå KS sine tilrådingar. Likevel er det gjort viktige presiseringar i samband med nokre av tilrådingane. Til dømes går det fram av presentasjonen av tilråding nr 2 (utarbeidning av eigarskapsmelding) og nr 8 (eigarorgan og -funksjon) at Vindafjord kommune skal ha fokus på dei selskapa som er særskilt viktige for kommunen.

Del 2 er ei gjennomgang av dei enkelte selskapa, strukturert etter følgjande opplysningar:

- Namn
- Eigarar og eigardelar
- Formål (selskapsavtale)
- Styringsform og styringsorgan
- Nøkkeltal for selskapet
- Eigarstrategi / motiv

I del 2 er det ei gjennomgang av kommunen sin eigarskapsportefølje i samsvar med strukturen vist over. Det same oppsettet er nyttar for alle selskapa som er relevante for selskapskontroll, det vil seie IKS, aksjeselskap og samverkeføretak (SA). I dette inngår ein oversikt over kommunen sin eigardel og øvrige eigarar med respektive eigardelar, ei kort oppsummering av selskapet sin føremål, omtale av eigarforum, styremedlemer og dagleg leiari, nøkkeltal for selskapet siste to rekneskapsår og definisjon av eigarstrategi/motiv, jf. tidlegare nemnde kategoriar.

Selskapsgjennomgangen er overordna strukturert etter selskapsform; kommunale føretak (ingen), interkommunale selskap (4), selskap utanfor § 80 i kommunelova (15) og andre selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Vindafjord kommune har praktisert eigarskapsmeldinga si i om lag eit år. Datagrunnlaget, inkludert intervju med eigarrepresentantar og styrerepresentantar, supplerar bilete av kommunen sin eigarskapspolitikk gjennom syn på korleis eigarskapen fungerar i praksis.

Både eigarrepresentantar og styrerepresentantar peiker på at eigarskapsmeldinga og prosessen med å utvikle denne har vore med å styrke medvitet om betydninga av ein aktiv eigar. Det er semje om at dette viser seg i den praktiske eigarskapsutøvinga, sjølv om særleg styrerepresentantane peiker på at det er ønskjeleg med ein ytterlegare styrke i eigar sitt engasjementet. Dette gjeld

særskilt i høve til å ha ei tydeleg haldning til kva som er kommunen sin strategi for eigarskapen i dei ulike selskapa.

Eigarskapsrepresentantane peiker på at det er eit klart føremål å ha størst fokus på og nytte mest ressursar på dei selskapa som er viktigast for kommunen.

Med omsyn til praktisk tilnærming til eigarskapen, gir eigarrepresentantane vidare uttrykk for at ein i liten grad differensierer mellom aksjeselskap og interkommunale selskap. Eigarskapen vert utøvd på same vis uavhengig av selskapsform.

Respondentane viser og til at eigarskapsmeldinga ikkje vert følgt opp i eitt og alt – dette går både på at ho er ambisiøs og at meldinga framleis er ny og at praksis på alle område derfor ikkje er innarbeida.

Eit døme på dette er ambisjonen om involvering av kommunestyre/politiske fora i forkant av eigarmøte i selskapa, med handsaming av rekneskap, årsmelding, strategiske dokument, etc. for å gje eigarrepresentantane tydelege styringssignal til eigarmøta (jf. omtale i eigarskapsmeldinga av kommunen si vurdering av KS si tilråding nr. 8). Dette er blant rutinane som ikkje er innarbeidd i praksis.

Det går klart fram at kommunen har eit tydeleg fokus på forvalningsloven sine krav til habilitet. I utnemning av styrerepresentantar er det praksis for ikkje å velje leiande politikarar. Vidare vert heller ikkje representantar for rådmannen foreslått som styrerepresentantar, noko som var praksis tidlegare. Generelt har kommunen stort fokus på etikk, og har mellom anna ein eigen etikkalender som er ein integrert del av kommunen sitt daglege arbeid.

#### Vurdering

Vindafjord kommune har utarbeida si første eigarskapsmelding som gir overordna føringar for eigarskapsutøvinga. Eigarskapsmeldinga har ein struktur og eit innhald som i veldig stor grad følgjer KS sin norm med tilrådingar om eigarskapsutøving. Dette er eit godt utgangspunkt for praktisk eigarskapsutøving, og har tydeleg medverka til eit auka fokus på behovet for eit medvite forhold til temaet.

Samtidig er det tydeleg at eigarskapsmeldinga ikkje vert følgt opp fullt ut. Dette er ikkje unaturleg, både fordi meldinga er relativt ny og fordi ho på ein del område er særstak ambisiøs. I tillegg til dette er det særleg på to område at det ser ut til å vere avvik mellom praksis og melding.

For det første er spørsmålet om val av selskapsform eit sentralt spørsmål i eigarskapsmeldinga. Respondentane gir og uttrykk for at dette er eit spørsmål som vert problematisert og vurdert i praksis i samband med aktuelle eigarskapssaker. Samtidig peiker eigarrepresentantane på at den praktiske eigarskapsutøvinga i liten grad er differensiert etter selskapsform (aksjesselskap eller interkommunalt selskap). Dette viser moglegvis at ein ved neste revisjon av eigarskapsmeldinga bør ha eit konkret fokus på kva moglegheiter og kva avgrensingar ulike selskapsformer inneber for kommunen som eigar – om i kva grad ein ønskjer å nytte desse moglegheitene i eksisterande eller nye eigarskap.

Eit element som underbyggar vurderinga over, er at eigarskapsmeldinga inneheld uriktig eller misvisande informasjon i den inndelinga som er gjort mellom ulike selskapsformer. For selskapa som er presentert under overskrifta "Kommunale selskap IKS", vert det vist til at interkommunalt samarbeid er heimla i kommuneloven, § 27. Dette er for så vidt riktig, men interkommunale selskap, som vert presentert her, er heimla i eigen lov (Lov om interkommunale selskap).

Tilsvarande er alle aksjeselskap (og samvirkeføretak) kommunen har eigardelar i, samla under overskrifta "Oversyn over selskap utanfor § 80 i kommunelova". § 80 (selskapskontroll) i kommuneloven viser til at i interkommunale selskap og aksjeselskap som er offentleg heileigde, har

kommunen sitt kontrollutval og revisor høve til å krevje alle opplysningar som er nødvendig for å utføre selskapskontroll.

Dette inneber at dei aksjeselskapa der Vindafjord kommune er medeigar og som er offentleg heileigde, ikkje skulle ha vore oppført under denne overskrifta i eigarskapsmeldinga. Dette gjeld 4 selskap (Haugaland Kraft AS, Øyane Asvo AS, Odda Vegfinans og Haugalandspakken AS).

For det andre er eigarskapsmeldinga som nemnd særer ambisiøs. Kommunen gir her uttrykk for ambisjonar om i all hovudsak å følgje alle tilrådingar om aktiv eigarskapsutøving frå KS. Generelt peiker meldinga i liten grad mot differensiering av eigarskapsutøvinga, det vil seie stort fokus på selskap som er viktige for kommunen og mindre ressursbruk på marginale eigarposter eller selskap som er perifere for kommunen sine interesser. Dette står til ein viss grad i motstrid til informasjon gitt i intervju, der det går klart fram at kommunen tydeleg praktiserar ei meir differensiert tilnærming.

I den selskapsspesifikke delen av eigarskapsmeldinga er alle selskapa<sup>5</sup> presentert likt, og utanom informasjon om kommunen sin konkrete eigardel er det ikkje mogleg å lese ut av meldinga kva for eigarskap som er meir eller mindre viktige for kommunen. Generelt er formuleringane knytt til eigarskapsstrategi/motiv for eigarskapen særer korte og lite informative.

Oppsummert er eigarskapsmeldinga eit godt utgangspunkt for ei systematisk oppfølging av eigarskapen i Vindafjord kommune, men ho er ikkje eit veldig tydeleg styringsinstrument slik ho er formulert. Sjølv om kommunen ikkje har lang erfaring med å praktisere eigarskap på bakgrunn av meldinga, antyder likevel datagrunnlaget for denne gjennomgangen at førebels praksis underbygger nemnde vurdering av eigarskapsmeldinga.

## **2.3 I kva grad sikrar kommunen at selskapa si verksemd er i samsvar med vedtektsfesta føremål?**

### **2.3.1 Innleiing**

I denne problemstillinga er fokus noko nærmare operativt eigarskap og korleis eigar og eigarrepresentant følgjer opp eigarskapet overfor det enkelte selskap. Dette inneber å definere formål og selskapsstrategi for det enkelte selskap, å ha rutinar for å sikra samsvar mellom kommunens strategi og selskapets vedtekter i dei selskapa kommunen er ein viktig eigar i samt generelt å vere ein aktiv eigar gjennom eigarskapsforsa i selskapa.

### **2.3.2 Revisjonskriteria:**

Aksjeloven

§ 5-1: Generalforsamlingens myndighet

(1) *Gjennom generalforsamlingen utøver aksjeeierne den øverste myndighet i selskapet*

§5-5: Ordinær generalforsamling

(1) *Innen seks måneder etter utgangen av hvert regnskapsår skal selskapet holde ordinær generalforsamling.*

Lov om interkommunale selskap

§ 7: Representantskapets myndighet

<sup>5</sup> Som er relevante i selskapskontroll, jf. kontrollutvalsforskrifta

*Deltakerne utøver sin myndighet i selskapet gjennom representantskapet. Representantskapet er selskapets øverste myndighet og behandler selskapets regnskap, budsjett og økonomiplan og andre saker som etter loven eller selskapsavtalen skal behandles i representantskapet.*

#### § 8. Innkalling til møte i representantskapet

*Representantskapets leder innkaller til møte i representantskapet når det er nødvendig for behandling av en sak som etter loven her eller selskapsavtalen skal behandles av representantskapet, og når det ellers er nødvendig for behandling av en bestemt sak. Representantskapets leder plikter å innkalte representantskapet til møte når styret, revisor, minst en av deltakerne eller minst en tredel av representantskapets medlemmer krever det for behandling av en bestemt angitt sak.*

#### Tilrådingar frå KS-rapport

##### *Tilråding nr 2: Utarbeiding av eigarskapsmelding:*

Tilrådingar knytt til den selskapsspesifikke delen av eigarskapsmeldinga – med føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, inkludert vedtektsrevisjon

##### *Tilråding nr 3: Utarbeidelse og revisjon av selskapsstrategi og selskapsavtale / vedtekter*

Her heiter det:

*En grunnleggende forutsetning for en strategisk drift av selskapene er en klar og presis eierstrategi for selskapene hvor eiers forventninger til selskapet formuleres. (...) Det er anbefalt at eier klargjør sine forventinger til styret og selskapet gjennom selskapsstrategiene. Selskapsstrategiene bør som en del av eiermeldingen revideres jevnlig.*

##### *Tilråding nr 8: Gjennomføring av eigarmøte*

Her heiter det:

*"For å sikre en best mulig kommunikasjonslinje oppfordres det til at kommunestyret tilrettelegger for obligatorisk deltagelse for både daglig leder, styrets leder og revisjon uavhengig av organisasjonsform. (...) I tillegg til generalforsamling / representantskap kan det arrangeres andre eiermøter, for eksempel interkommunale formøter før representantskapet, eller møter for å drøfte en sak uten at det blir gjort formelle vedtak. Det er opp til eierne selv å vurdere behovet for, og hvordan slike eiermøter skal gjennomføres."*

### 2.3.3 Fakta og vurderinger

#### Fakta

Hovudgrunnlaget i eigarskapsmeldinga for den konkrete oppfølginga av enkeltselskap er å finne i den selskapsspesifikke omtalen, særleg omtalen av selskapet sitt føremål og eigarskapsstrategi/motiv, samt omtale av gjennomføring av eigarmøte.

I Vindafjord kommune si oppfølging av KS si tilråding nr 3 knytt til utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter, heiter det:

*"Eigarstrategien skal tydeleggjøre måla med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtalen/vedtekten. Innan rammene av selskapsavtalen/vedtekten skal selskapa utvikle detaljerte mål og strategiar for si verksem. Formålet med selskapet vert vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringer."*

I den selskapsspesifikke delen av eigarskapsmeldinga er det som nemnd ein del informasjon knytt til dei enkelte selskap Vindafjord kommune har eigardelar i. Dette er namn på selskap, samandrag av føremål (henta frå selskapsavtale), kort om selskapstype og styringsorgan, nøkkeltal for selskapet og eigarstrategi/motiv. Sistnemnde er særleg relevant i denne samanhengen – det er kommunen sin uttrykte eigarstrategi som er utgangspunktet for styring og oppfølging av selskapet.

Under "eigarstrategi/motiv" har Vindafjord kommune klassifisert det overordna føremålet eller motivet med eigarskapen. I eigarskapsmeldingar er det vanleg å legge til grunn ei klassifisering som definerer om føremålet med eigarskapen er av finansiell, samfunnsmessig, politisk eller anna karakter. Som det er formulert i eigarskapsmeldinga; "motiv og mål med selskapet får følge for korleis eigarstyringa bør innrettast".

I Vindafjord sitt tilfelle har ein vald å klassifisere selskapsporteføljen etter fem ulike føremål – etter inspirasjon frå andre kommunar. Desse er som følgjer:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjonen
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

Samtidig vert det peika på at det som regel vil vere fleire motiv som ligg bak oppretting eller deltaking i eit selskap.

I klassifiseringa av det enkelte selskap er det ulike formar for politisk motivasjon og samfunnsøkonomisk motivasjon som vert hyppigast nytta. Det er i liten grad gitt forklaringar til klassifiseringa, og ho framstår i enkelte tilfelle som noko tilfeldig. Til dømes er motivet for kommunen sitt engasjement i Sunnhordland Bru- og tunnellselskap AS og Haugalandspakken AS definert forskjellig. Medan eigarskapen i førstnemnde er definert som å administrere finansieringa av Trekantsambandet, er eigarskapen i sistnemnde definert som ønske om samferdsels- og regionalpolitisk påverknad.

I den selskapsspesifikke gjennomgangen er det ikkje gjort nærmare greie for kva som er kommunen sin eigarstrategi for engasjementet i det enkelte selskap.

Forholdet mellom motiv for kommunen sin eigarskap og selskapa sine føremål (selskapsavtalen) er heller ikkje tema i den selskapsspesifikke gjennomgangen. I styring og oppfølging av eigarskap er det sentralt å følge opp og sikre at det er samsvar mellom selskapet sine vedtektsfesta føremål og eigar sine motiv for eigarskapen. Dette gjeld naturleg nok særleg i dei tilfella der kommunen har store eigardelar.

I eigarskapsmeldinga til Vindafjord kommune heter det i del 1.3, punkt 10:

*"Eigarmøta skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lovverk i samsvar med presiseringar som framgår av KS eigarforum si tilråding."*

Som omtalt over (punkt 2.2.2), har kommunen gjennom eigarskapsmeldinga også lagt opp til generelle og omfattande rutinar for involvering av politiske fora i forkant og i etterkant av gjennomføring av eigarmøte (jf. meldinga si vurdering av KS si tilråding nr. 8).

Datagrunnlaget knytt til praktisk utøving viser at eigarmøte vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, men at ein so langt ikkje har utvikla ein praksis som fullt ut tilfredsstiller ambisjonane i eigarskapsmeldinga. I praksis har ein ei differensiert tilnærming til oppfølging av eigarskapen, noko som inneber at ein er tettare på enkeltselskap ein definera som viktige og generelt på selskap der det er særskilt behov for oppfølging.

Eit døme på dette er Vindafjord kommune si oppfølging av selskapet Øyane Asvo AS, der ein har hatt ei aktiv oppfølging av eigarskapen etter at det vart avdekkja økonomiske utfordringar for drifta av selskapet. I dette tilfellet har ein hatt oppe enkeltsaker i kommunestyret, der ein og har argumentert strategisk for å kjøpe seg opp i selskapet for å få betre vilkår for å utøve reell eigarskap.

## Vurdering

Dei selskapsspesifikke omtalene og formuleringane av motiv for eigarskapen gir ikkje tydelege styringssignal for eigarrepresentantane til å utøve eigarskap. I praksis har kommunen ikkje utarbeida selskapsspesifikke eigarstrategiar for nokon av selskapa ein har eigardelar i. Ut frå omtalene er det som tidlegare nemnt heller ikkje mogleg å identifisere kva selskap som er meir eller mindre viktige for kommunen, med unnatak av kommunen sin eigardel i selskapet.

I styring og oppfølging av eigarskap er det sentralt å følgje opp og sikre at det er samsvar mellom selskapet sine vedtektsfesta føremål og eigar sine motiv for eigarskapen. Dette gjeld naturleg nok særleg i dei tilfella der kommunen har store eigardelar. I Vindafjord kommune si eigarskapsmelding og praktiske eigarskapsutøving er det etter KPMG si vurdering ikkje tilstrekkeleg medvit om eller fokus på desse forholda.

## 2.4 I kva grad følgjer kommunen opp at selskapa driv forsvarleg, og i samsvar med lovar og reglar?

### 2.4.1 Innleiing

Denne problemstillinga er nær knytt til kommunen sitt kontrollfokus i utøving av eigarskap. Eit sentralt poeng i den samanhengen er korleis kommunen legg til rette for tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap, primært gjennom kontrollutvalet. Dette er ein tematikk som grensar opp mot den frivillige delen av selskapskontrollen, som er forvaltningsrevisjon av einskilde selskap. Då denne rapporten er ein eigarskapskontroll på meir overordna nivå, vil vi ikkje her sjå på korleis kommunen følgjer opp det einskilde selskap, men på korleis kommunen legg til rette for slik oppfølging.

I tillegg er andre element relevante – særleg i kva grad kommunen som eigar har eit medvite forhold til kompetanse i styra i dei selskapa ein har eigarskap i.

### 2.4.2 Revisjonskriteria

#### Forskrift om kontrollutval

#### Kapittel 6 Selskapskontroll

##### § 14. Selskapskontrollens innhold

*Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).*

*Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3*

#### Tilrådingar frå KS-rapport

*Tilråding nr 6: Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap*

Her heiter det:

*Kommunestyret har både et tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll."*

*Det anbefales at kommunestyret innenfor kommunelovens bestemmelser fastsetter regler for selskapskontrollen, herunder hvilke dokumenter som uoppfordret skal sendes kontrollutvalget med angivelse av hvem denne plikten påhviler. Kontrollutvalget og kommunens revisor skal varsles når generalforsamling / representantskap og tilsvarende organer avholder møter, og de har rett til å være til stede på slike møter.*

*Tilråding nr 9: Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor  
Tilråding nr 11: Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyrrene*

## 2.4.3 Fakta og vurderingar

### Fakta

Det går fram av eigarskapsmeldinga at kommunen skal følgje både lovfesta krav og KS sine tilrådingar knytt til tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

I eigarskapsmeldinga har faktisk Vindafjord eit utvida perspektiv i høve til tilrådingane frå KS. Vindafjord har med eit eige punkt om "innsynsrett og kontroll i delvis eigde selskap" der det heiter:

*"Kommunestyret ber om at eigarrepresentantane fra Vindafjord kommune på generalforsamling i selskap der kommunen er ein betydeleg eigar, der det fins private aksjonærar og der føremålet med kommunen sitt eigarskap er politisk motivert, føreslår vedtektsendringar som gjev kommunen sitt kontrollutval og revisor innsynsrett."*

Denne ambisjonen er så langt ikkje følgt opp i praktiske eigarskapsutøving i kommunen. Elles er praktisk eigarskapsutøving på dette området i samsvar med ambisjonar uttrykt i eigarskapsmeldinga.

Eit døme på at Vindafjord kommune følgjer opp at selskapa kommunen har eigardelar i driv forsvarleg og i samsvar med lovar og reglar, er den nyleg gjennomførte forvaltningsrevisjonen av selskapet Øyane Asvo AS. Dette er eit selskap Vindafjord kommune eig saman med Etne kommune, og der kommunestyret i Vindafjord tok initiativ til at kontrollutvalet gjekk gjennom drifta av selskapet.<sup>6</sup>

Som del av tilrettelegginga for kontrollutvalet sitt arbeid, deltek ordføraren fast på møta i kontrollutvalet. Hovudformålet med dette er å sikre at kontrollutvalet har god informasjon om aktuelle saker i kommunestyret etc., og at ordførar er kjent med dei sakene kontrollutvalet er opptatt av.

Kommunen har og faste rutinar for oppfølging av politiske vedtak, herunder selskaps- og forvaltningsrevisionsrapportar, som ein rapporterer på.

Eit anna område som er viktig for eigar sin kontroll med at selskapa driv forsvarleg og i samsvar med lovar og reglar, er at styremedlemene har relevant kompetanse. I Vindafjord kommune er det ei politisk valnemnd som foreslår kandidatar som nye styrerepresentantar i dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I dette arbeidet har kommunen fokus på kompetanse som eit avgjerande kriterium. I eigarskapsmeldinga heiter det mellom anna:

*"Valkomiteen i Vindafjord kommune skal som hovudregel innstille på Vindafjord kommune sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikre eit styre med naudsynt kompetanse til å leia selskapet i tråd med eigar sitt føremål. Samansetninga av styre bør gjerast ut frå at styret er eit kollegialt organ og bør veljast ut frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart."*

Intervju med både eigarrepresentantar og styrerepresentantar stadfestar at Vindafjord kommune i praksis følgjer opp ambisjonane frå eigarskapsmeldinga i stor grad.

<sup>6</sup> Sak 62/12, 11.09. 2012.

## Vurdering

Kommunen har gjennom eigarskapsmeldinga eit tydeleg fokus på kontroll over at selskapa ein har eigarinteresser i driv forsvarleg og i samsvar med lovar og reglar. I praktisk utøving ser det og ut til at kommunen har gode rutinar for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet, noko som mellom anna er viktig for å sikre informasjon om og oppfølging av selskapskontrollar. Bestillinga av forvaltningsrevision av selskapet Øyane Asvo etter initiativ frå formannskap/kommunestyret viser og at kommunen meir generelt er vaken for og opptatt av kontrollfunksjonen i praksis. Kommunen har og innarbeida rutinar for oppfølging av vedtak som skal sikre at kommunestyret sine vedtak vert følgjt opp i praksis.

Kommunen ser og ut til å ha eit tydeleg fokus på betydninga av kompetanse i utnemning av styrerepresentantar til selskapsstyrta. Dette er eit viktig element i eigar sitt arbeid med å følgje opp at selskapa driv forsvarleg og i samsvar med lovar og reglar.

## 2.5 Har kommunen rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene?

### 2.5.1 Innleiing

Føremålet med denne problemstillinga er å få vurdert kommunen si forvaltning av eigarskapen. Konkret handlar om i kva grad kommunen har etablert rutinar og sett av ressursar til å førebu og følge opp eigarskapsmeldinga ein har vedteke.

### 2.5.2 Revisjonskriteria

#### Tilrådingar frå KS-rapport

Samla sett inneber KS sine tilrådingar behov for ei systematisk forvaltning av eigarskapen. Kor stort slikt behov er, kjem an på dei enkelte kommunane sine ambisjonar om å følge opp tilrådingane. Innleiingsvis i KS-rapporten vert det peika på behovet for ei differensiert tilnærming i høve til den enkelte kommune sin eigarskapsportefølje.

### 2.5.3 Fakta og vurderinger

#### Fakta

Som tidlegare omtalt er eigarskapsmeldinga til Vindafjord kommune ambisiøs ved at det er lagt opp til at alle KS-tilrådingane i hovudsak skal leggjast til grunn for eigarskapsutøvinga. Samtidig er det ikkje lagt opp til nokon tydeleg differensiering av eigarskapsstyrtinga – det vil seie å peike på kva for område eller kva for selskap ein skal ha mest fokus på.

Enkelte stader i eigarskapsmeldinga vert det likevel vist til at ein legg opp til ei viss grad av differensiering i tilnærminga. Dette gjeld særleg evaluering og oppfølging av eigarskapsmeldinga. Under del 1.3, punkt 2, heiter det:

*"Eigarskapsmeldinga skal evaluerast årleg av kommunestyret. Så langt råd er skal dette skje i første møte etter ferien. I samband med den årlege handsaminga av meldinga vert det lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutinane som denne meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av mål, resultat, drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen. Eventuelle endringar i strategi eller tiltak i høve einskildeselskap skal så langt råd er drøftast i dette møtet."*

I praktisk eigarskaputøving har Vindafjord så langt ikkje fått prøvd ut evalueringa av eigarskapsmeldinga. Kommunen informerer likevel om at ein allereie har innarbeida rutinar for evalueringa, mellom anna knytt til oppdatering av rekneskapsmessig informasjon om selskapa.

I tillegg har kommunen innarbeidd enkle rutinar for rapportering frå både eigarrepresentantar og styrerepresentantar. For førstnemnde er det etablert rutine at protokollar frå generalforsamling vert

referert i kommunestyremøte. For styrerrepresentantar som kommunen har peikt ut, har ein nyleg innarbeida ei rutine der desse årleg rapporterer til formannskap eller anna politisk utval. Her informerer styremedlemene generelt om status, aktivitetar og planar i selskapet.

I tillegg kjem dei generelle rutinane for oppfølging av politiske vedtak.

#### Vurdering

Vindafjord kommune har etablert enkle rutinar for oppfølging og evaluering av eigarskapinteressene. Dette er i utgangspunktet tilpassa selskapsporteføljen – kommunen har store eigardelar i to selskap, i hovudsak marginale eigardelar i dei andre selskapa og berre for eitt av selskapa er eigarskapen finansielt motivert.

Selskapsporteføljen tilseier at det ikkje er nødvendig å bruke store ressursar på forvaltninga av eigarskapen. Vindafjord kommune si tilnærming er i samsvar med KS-rapporten si generelle tilråding om å ha ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga.

Samtidig gir eigarskapsmeldinga til Vindafjord uttrykk for ei ambisiøs og generell tilnærming til eigarskapsutøvinga. Ved neste revisjon tilrår KPMG at ein vidareutviklar fokuset på ei differensiert tilnærming, med eit tydeleg fokus på dei område og dei selskap kommunen ser på som viktige å følgje særleg opp.

## 2.6 I kor stor grad har eigarrepresentantane kompetanse til å utføre sine oppgåver?

### 2.6.1 Innleiing

Å representere kommunen som eigar krev betydeleg kompetanse, både om eigarskapsfeltet generelt og om dei enkelte selskapa, om kommunen si verksemd, samarbeidspartnarar og aktuelle saker lokalt, regionalt og gjerne nasjonalt. Det er derfor viktig å ha sikkerheit for at eigarrepresentantane har tilstrekkeleg kompetanse til å utføre sine oppgåver.

### 2.6.2 Revisjonskriteria

#### Tilrådingar frå KS-rapport

*Tilråding nr 1: Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde*

*Tilråding nr 8: Samansetjing og funksjon til eigarorgan*

### 2.6.3 Fakta og vurderingar

#### Fakta

Vindafjord kommune tilbyr obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde om eigarstyring (sjå punkt 2.7 for nærmare omtale). I dette tilbodet inngår opplæring om ordførarrolla (som eigarrepresentant) si særstilling som bindeledd mellom selskapa og kommunestyret.

Det går fram av kommunen si eigarskapsmelding at politisk leiing vert oppnemnd som eigarrepresentant i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønske og behov for oppfølging av selskapet si verksemd.

Ordførar stadfestar at han sjølv deltek som eigarrepresentant på generalforsamlingar i dei aller fleste selskapa kommunen har eigardelar i. Dette er ei medvite prioritering – ordføraren framhevar at han ser det som viktig arbeid, både på grunn av den nye eigarskapsmeldinga og fordi han er relativt ny i ordførarrolla og må bli kjent med dei mange ulike selskapa. Han prioriterar dette fordi det er ordføraren som har dei beste føresetnadene for å kunne utøve aktivt eigarskap gjennom si rolle.

Styrrepresentantar gir uttrykk for at kommunen har ein veg å gå med omsyn til å utøve kompetent eigarskap, men framhevar samtidig at det er ein tydeleg positiv utvikling, mellom anna på grunn av det styrka fokuset temaet har fått i samband med utarbeidninga av eigarskapsmeldinga.

Ordføraren stadfestar at kommunen ikkje har eigne rutinar for opplæring i eigarrolla, utover den ordinære folkevaldopplæringa.

#### Vurdering

Vindafjord sin praksis er i samsvar med KS-rapporten sine tilrådingar. At ordførar er den som representerer kommunen i eigarfora er i seg sjølv ein sikkerheit for at kommunen sin eigarrepresentant har kompetanse til å utføre sine oppgåver.

Det å skulle representere kommunen som eigar i ei rekke ulike selskap vil alltid vere ei utfordring – ein kan av ressursmessige årsaker ikkje ha like god kompetanse på alle spesifikke fagfelt eller alle selskapene sine viktigaste utfordringar. Det er likevel som regel den meir generelle kompetansen – rolleforståinga og kompetansen om kommunen og kommunestyret sine prioriteringar – som vil vere mest sentral i utøvinga av eigarrolla.

For å sikre at kapasetsutfordringar ikkje går utover spesifikk kompetanse eigarrepresentanten bør ha, kan det vere ein fordel å delegera rolla som eigarrepresentant for mindre viktige selskap til andre. Dette vil for øvrig vere i samsvar med kommunen sine eigne prioriteringar i eigarskapsmeldinga, jf. omtale over.

## 2.7 Har kommunen eit tilfredsstillande opplæringstilbod for styrrepresentantane?

### 2.7.1 Innleiing

KS-rapporten viser til den store auken i tal selskap i kommunal sektor. Samtidig vert det vist til at politikarar framleis har manglande kunnskap om dei styringsvilkåra ulike selskapstypar gir, og kva som ligg i dei ulike rollene ein har som folkevald, som styremedlem, representantskapsmedlem, eigarrepresentant, etc. Dette er bakgrunnen for at KS har ei eiga tilråding om opplæring av folkevalde, jf. under.

### 2.7.2 Revisjonskriteria

I KS' anbefaling nr. 1 "Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte" heter det:

*"Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs og / eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte i de ulike aspektene knyttet til eierstyring av utskilt virksomhet (...). De folkevalgte må ha en bevissthet om roller, styringslinjer og ansvarsfordeling. Ordfører har en særstilling som bindeledd mellom selskapene og kommunestyret. Dette bør også være med i opplæringen."*

### 2.7.3 Fakta og vurderingar

#### Fakta

I eigarskapsmeldinga til Vindafjord kommune heter det i del 1.3, punkt 1:

*"Vindafjord kommune vil organisera ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil skje som ein del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret til årlege behandling av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll"*

Opplæringa av dei folkevalde i Vindafjord går i to bolkar over tre dagar i starten av kvar valperiode. Dette er ein kombinasjon av opplæring i eigarstyring og generell opplæring. Det har vore varierande oppmøte frå dei folkevalde.

Vidare er det planar om at eigarskapsmeldinga skal evaluerast årleg, og at det i denne samanhengen vert lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutinane som meldinga legg opp til, saman med evaluering av mål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Både eigarrepresentantar og styrerrepresentantar peiker på at det med fordel kunne ha vore særskilt opplæring og oppfølging av styrerrepresentantane undervegs, noko det ikkje er per i dag. Konkret vert det peika på ønske om og behov for at nyvalde styrerrepresentantar får utdelt ei mappe med relevant informasjon om selskapet og sentrale dokument for kommunen sin eigarpolitikk. I tillegg vert det peika på behov for å leggje til rette for overføring av kompetanse mellom avtroppande og påtroppende styremedlemer.

#### Vurdering

Vindafjord kommune har etablert eit opplæringstilbod for folkevalde som vert gjennomført i starten av kvar valperiode, der opplæring i eigarstyring er koordinert med den generelle opplæringa. Saman med planane om årleg drøfting og evaluering av eigarskapsmeldinga i politiske organ, er dette etter KPMG si vurdering eit godt grunnlag for å styrke kompetansen til dei folkevalde om eigarstyring. Det er også i hovudsak i samsvar med KS sine tilrådingar.

Innspela som har kome i samband med datainnsamling kan med fordel vurderast gjennomført. Dette er enkle rutinar som ikkje krev mykje administrasjon, og som kan gi stor nytte for nye styrerrepresentantar.

### **3 Uttale frå ordførar**

Vindafjord kommune ved ordførar har ikkje merknader til rapporten.